



FULL FART: Ingrid Vaktskjold (9) og Magne Vaktskjold Hamre (7) kunne nok helst tenkt seg å springa heile vegen til Sæbøvågen.

Strålende Streif

Med strålende sol og blå himmel vart det full fart både på og til Keipane Kystlag sin torgdag i Sæbøvågen.

Av Anja Fanbust

Arrangørane av det tradisjonsrike Streif-arrangementet på Radøy hadde laga til eit spennande og variert program. Det var duka for sjørørvartokt, føredrag om Oselvar av Kjell Magnus Økland, guida tur av Aud Hilde Råheim i området rundt Sæbøvågen, og guida tur frå Vetås til Sæbøvågen med Rolf Tarlebø som turleiar og mykje meir.

Aktiv gjeng

Rundt 40 personar gjekk frå Vetås, alt frå dei minste i bæremveis til pensionistar. Ingrid Vaktskjold (9) og Magne Vaktskjold Hamre (7) koste seg stort på skogsvegane med å springa framfor alle og om kapp.

– Me kan springa i 20 timer,



PIRATVERKSEMD: Alex Fluge-Instebo (5) og Tobias Emil Fluge-Instebo (6) var i sitt ess då piratane kom til Sæbøvågen.

seier dei engasjerte etter ein kjapp spurta opp første grusbakke. Det vart derimot vanskeleg når dei stadig måtte venta på resten av gruppa. Det var nemleg fokus på at alle skulle vera med og kunne prata saman på turen.

Piratar på ferde

På fjorden ved Sæbøvågen var det kajakkar, robåtar, kano og

sjørørvarskip som folk kunne prøva.

Her likte Alex Fluge-Instebo (5) og Tobias Emil Fluge-Instebo (6) seg særleg godt, og med sjørøverkostyme med augelapp og sverd var dei godt utstyrt for å leita etter sjørørvarskatten.

– Det kjekkaste i dag har vore å køyra piratskipet, men me har sett på krabbane også, fortel dei.



SPENNANDE: Det var laga til spennande dam der borna kunne leika med båtar og sjekka ut krabbar, noko Melina Ims Tjore (7) gjorde.

Dei fortel vidare at alt med piratar eigentleg er kult, men at kanskje særleg fektinga er gøy.

– Dei kulaste piratane er Kaptein Knurr og Kaptein Sabeltann, konstaterer dei.

Spennande under vassoverflata

På land var det og høve for å verta kjend med sjøen. Det var laga

til ein stor dam med båtar og krabbar som dei minste kunne undersøka nærmare.

Melina Ims Tjore (7) og Julie Fagelstad (7) tok krabbane som ei utfordring, og dei våga etter kvart begge å løfta krabbane opp.

– Han var litt ekkel, men det var no spanande òg, seier dei og ler.